



Prop. 67 L

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i oreigningslova

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 13. mars 2015,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Justis- og beredskapsdepartementet legg med dette fram eit forslag til endringar i oreigningslova.

Det sentrale momentet i proposisjonen er at det blir gjort framlegg om å fastsetja i eit nytt fjerde ledd i oreigningslova § 4 at eit endeleg vedtak om førehandsundersøkingar til bruk for eit påtenkt ekspropriasjonsinngrep, skal utgjera eit særleg tvangsgrunnlag etter tvangsfullføringslova.

I tillegg blir det utdaterte ordet «etterrøking» etter framlegget erstatta av «førehandsundersøkingar» i oreigningslova §§ 4 og 19, og det blir gjort nokre andre mindre språklege endringar i §§ 4 og 19. Ingenting av dette medfører realitetsendringar.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

2.1 Gjeldande rett og konsekvensar av dette

Etter oreigningslova § 4 fyrste ledd fyrste punktum må eigar og rettshavar til eigedom som er, eller er tenkt å bli, gjenstand for ekspropriasjonsinngrep etter oreigningslova § 1, tole at det blir gjort «måling, utstikking og anna etterrøking til bruk for eit påtenkt oreigningsinngrep» på eigedomen. I dette ligg det at ein må tole at det blir gjort undersøkingar på eigedomen i påvente av eit eventuelt

ekspropriasjonsinngrep. Slike undersøkingar kan utgjera grunnundersøking som målingar, grunnboring og utstikkingar, men òg andre typar tiltak, til dømes undersøkingar etter kulturminnelova § 9 og andre arkeologiske undersøkingar. Dette skjer som ledd i vurderinga av om det skal gjerast vedtak om eller gjevast samtykke til ekspropriasjon av den aktuelle eigedomen, og føremålet er å avklare om den aktuelle grunnen eignar seg til ekspropriasjonsføremålet, til dømes veg eller byggjeområde. Berre den som kan vera ekspropriant for det aktuelle ekspropriasjonsføremålet, kan få løyve til å gjennomføre slike undersøkingar.

Undersøkingane kan gjelde avklaringar både av om det skal gjennomførast ekspropriasjon og av kva som faktisk skal eksproprierast. Det kan òg vera aktuelt å gjennomføra slike undersøkingar for å skaffe informasjon til bruk i ein endeleg søknad om ekspropriasjon. Nærare undersøkingar som berre skjer til bruk i arbeidet med planlegging av det konkrete tiltaket det blir ekspropriert til, noko som typisk vil koma etter at det er avgjort å gjennomføra ekspropriasjon, er det derimot ikkje høve til å gjennomføra i medhald av oreigningslova § 4 fyrste ledd fyrste punktum. Sjå om dette i brev 10. desember 2008 frå Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet til Samferdselsdepartementet, med vidare tilvisingar.

I brevet er det på side 6 vidare slått fast at oreigningslova § 4 ikkje kan tolkast slik at ho gjev heimel for tvangsgjennomføring av tiltaket. Det heiter her:

«Plikten til å «tola» slike undersøkelser vil således følge av et vedtak med hjemmel i oreigningsloven § 4. Det er imidlertid ikke fastsatt noe særlig tvangsgrunnlag for denne plikten, eller hjemmel for tvangsgrunnlag. Bestemmelsen kan ikke med rimelighet tolkes slik at den gir hjemmel for eksproprietanten til å tvangsgjennomføre taleplikten. Vi kan heller ikke se at forarbeidene til oreigningsloven eller andre rettskilder gir støtte for en slik tolkning.»

Ein konsekvens av dette er at dersom grunneigar eller rettshavar set seg mot eit endeleg vedtak om førehandsundersøkingar etter oreigningslova § 4 fyrste ledd fyrste punktum, må eksproprietanten få toleplikta fastslått gjennom dom for å kunne få tvangsgjennomført vedtaket etter reglane i tvangsfullføringslova kapittel 13. Dette er til dømes aktuelt dersom eksproprietanten fysisk blir nekta tilgang til eigedomen av eigar eller rettshavar, eller på andre måtar blir hindra i å kunne gjennomføre førehandsundersøkingane.

Samferdselsdepartementet og Statens vegvesen har i samband med dette påpeika at sjølv om ein i dei fleste tilfella oppnår semje med grunneigarar og rettshavarar, fører dette i mange saker til at viktige tiltak, som til dømes vegutbygging og byggjetiltak, blir sterkt forseinka. Det kan ta år før det ligg føre ein rettskraftig dom som gjev tvangsgrunnlag. Dette har av mange vore peika på som uheldig, både av omsynet til dei enkelte prosjekta og i ein større samanheng, sidan ein korkje får avklara eller gjennomført tiltak, og ressursane såleis ikkje blir utnytta på nokon god måte.

Samferdselsdepartementet og Statens vegvesen har vidare halde fram at dersom eit endeleg vedtak om førehandsundersøkingar blir gjort til eit særskilt tvangsgrunnlag etter tvangsfullføringslova kapittel 13, vil ein i langt mindre grad stå overfor slike problem med manglande gjennomføring av førehandsundersøkingar.

2.2 Høyringsforslaget

I høyringsnotat 24. juni 2014 slutta Justis- og beredskapsdepartementet seg til vurderingane frå Samferdselsdepartementet og Vegvesenet om at det ofte er behov for relativt snøgt å kunne gjennomføre førehandsundersøkingar etter oreigningslova § 4 fyrste ledd i samband med eventuelle komande ekspropriasjonstiltak, og at det er uheldig at viktige samfunnstiltak blir sterkt forseinka av di grunneigarar eller rettshavarar ikkje rettar seg etter endelege vedtak. Dette fører til at

juridisk og teknisk kompetanse må nyttast til å skaffe tvangsgrunnlag for gjennomføring av undersøkingar, noko som igjen medfører at ressursane ikkje blir utnytta slik dei bør.

Departementet viste vidare til at ei snøgg gjennomføring av førehandsundersøkingar ofte vil vere til føremøn og for grunneigarar og rettshavarar. I ein del tilfelle vil undersøkingane føre til at det ikkje blir gjennomført nokon ekspropriasjon, og dersom undersøkingane tilseier at ekspropriasjon skal gjennomførast, vil ein eigar eller rettshavar kunne planleggje framtida ut frå det. Både spørsmål om det skal gjennomførast ekspropriasjon og om storleiken på ekspropriasjonserstatninga vil elles bli prøvde for domstolane gjennom skjønn, dersom det ikkje blir semje mellom eksproprietanten og grunneigar eller rettshavar.

Det vart vidare lagt til grunn at det ofte er liten grunn til å verne grunneigarar og rettshavarar som nektar å rette seg etter endelege vedtak. Omsynet til at desse ikkje ynskjer ei gjennomføring av førehandsundersøkingar, kan difor normalt ikkje få mykje å seie. Departementet understreka på den andre sida at det likevel er viktig å ta med seg at det sjølv sagt kan skje feil og i samband med vedtakinga av slike endelege vedtak om gjennomføring av førehandsundersøkingar, og at det å gje endelege vedtak om førehandsundersøkingar status som eit særleg tvangsgrunnlag, ikkje vil medføre at det er fritt fram for ein komande eksproprietant å gjennomføre slike undersøkingar.

Etter framlegget er det for det fyrste berre endelege vedtak som skal utgjera eit særleg tvangsgrunnlag. Eit vedtak om løyve til førehandsundersøkingar etter oreigningslova § 4 fyrste ledd vil vera eit enkeltvedtak som det kan klage over på vanleg måte. Fyrst dersom det ikkje blir klaga over vedtaket, eller når ei klage ikkje fører fram, vil det liggje føre tvangsgrunnlag.

Departementet såg det ikkje som aktuelt å opne for tvangsgjennomføring av førehandsundersøkingar før klagefristen er ute eller klaga er vurdert. Dei forseinkingane klagehandsaminga kan medføre, vil vera små samanlikna med kva ein risikerer i dag, og det grunnleggjande prinsippet innfor forvaltningsretten om at ein skal kunne få prøvd enkeltvedtak på nytt, tilseier at klagehandsaminga må gjennomførast fyrst. Det vart vidare halde fram at dette handlar om vedtak som kan vera inngripande overfor enkeltpersonar, og klageretten er då særleg viktig.

Endeleg understreka departementet at eit endeleg vedtak om løyve til førehandsundersøkingar

kan bringast inn for domstolane på vanleg måte. Dette bør ikkje påverke spørsmålet om det endelege vedtaket sin status som tvangsgrunnlag, sidan føremålet med dette nettopp er at ein ikkje skal måtte gå gjennom domstolane for å få gjennomført førehandsundersøkingar med tvang. Departementet viste i denne samanhengen til at gjennomføring av slike undersøkingar normalt heller ikkje vil ha særlege konsekvensar for eigeidomane. Dersom eigar eller rettshavar likevel skulle lide noko tap som følgje av at ei slik undersøking fører til skade eller ulempe, har han etter oreigningslova § 4 tredje ledd krav på erstatning for dette.

På denne bakgrunnen gjekk departementet inn for å innføre eit nytt fjerde ledd i oreigningslova § 4, der det går fram at endeleg vedtak etter fyrste ledd om løyve til å gjera førehandsundersøkingar, er særleg tvangsgrunnlag etter tvangsfullføringslova kapittel 13.

I tillegg gjorde departementet framlegg om nokre reint språklege endringar i oreigningslova. Det vart vist til at ordet «etterrøking» ikkje er eit vanleg brukt ord i dag, og i moderne nynorsk gjev dette ordet få assosiasjonar til slike undersøkingar som det er meint å omfatte i oreigningslova. Departementet gjorde difor framlegg om at ordet «etterrøking» skal bli erstatta av «førehandsundersøkingar» i oreigningslova §§ 4 og 19. Vidare gjorde departementet framlegg om at ordet «skadelidaren» i oreigningslova § 4 blir endra til «skadelidde». Det vart halde fram at desse endringane er reint språklege og ikkje vil føre til realitetsendringar.

Departementet såg ikkje behov for nokon overgangsperiode før desse endringane tek til å gjelde, og framlegget gjekk difor ut på at endringslova skal ta til å gjelde straks.

2.3 Høyringa

Høyringsnotatet vart 24. juni 2014 sendt til følgjande aktørar:

Departementa

Bergmeisteren på Svalbard
Direktoratet for byggkvalitet
Direktoratet for mineralforvaltning
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
Direktoratet for økonomistyring
Domstoladministrasjonen
Forsvarsbygg
Fylkesmennene
Husbanken
Jernbaneverket
Kompetansesenter for distriktsutvikling

Landinfo
Miljødirektoratet
Noregs geologiske undersøkingar
Noregs vassdrags- og energidirektorat
Post- og teletilsynet
Regjeringsadvokaten
Riksantikvaren
Statens jernbanetilsyn
Statens kartverk
Statens landbruksforvaltning
Statens reindriftsforvaltning
Statens vegvesen Vegdirektoratet
Statsbygg
Sysselmannen på Svalbard

Oslo byfogdembete
Tingrettane

Stortingets ombodsmann for forvaltninga

Sametinget

Fylkeskommunane
Kommunane

NSB AS
Statkraft SF
Statnett SF
Statskog SF

Den norske Advokatforening
Den norske Dommerforening
Fortidsminneforeningen
Huseiernes Landsforbund
KS – kommunenes arbeidsgiver-, interesse- og medlemsorganisasjon
Miljøstiftelsen Bellona
Natur og Ungdom
Norges Bondelag
Norges Hytteforbund
Norges Huseierforbund
Norges Miljøvernforbund
Norges Naturvernforbund
Norges Skogeierforbund
Norsk Bonde- og småbrukarlag
Norske Reindriftssamers Landsforbund
Norske Samers Riksforbund
Næringslivets hovedorganisasjon (NHO)
Samenes Folkeforbund

Følgjande instansar har kome med realitetsmerknadar til framlegget:

Jernbaneverket
Statens vegvesen Vegdirektoratet

Statnett SF

Statens jernbanetilsyn

Den norske Advokatforening
Norges BondelagAkershus fylkeskommune
Rogaland fylkeskommuneDesse instansane har gjeve uttrykk for at dei støt-
tar framlegget:Eiendom Norge
Norske Reindriftssamers LandsforbundKommunal- og moderniseringsdepartementet
Olje- og energidepartementetI tillegg har Domstoladministrasjonen sagt at dei
ikkje kjem med noka høyringsfråsegn.Direktoratet for byggkvalitet
Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Oslo og Akershus
Noregs vassdrags- og energidirektorat
Riksantikvaren
Statsbygg

Når det gjeld realitetsmerknadane, er det høgst ulike spørsmål som blir omhandla. *Jernbaneverket* tek opp at det er ein skilnad mellom dei og Statens vegvesen når det gjeld bruken av oreigningslova § 4. For vegsaker har regionvegsjefen fått delegert mynde til å treffe vedtak om førehandsundersøkingar etter oreigningslova § 4. Så langt Jernbaneverket kjenner til, ligg det ikkje føre noka tilsvarende fullmakt på deira område, og dei må difor søkje lensmannen eller politimeisteren om løyve til førehandsundersøkingar i kvar enkelt sak. Jernbaneverket ber difor om at òg dei får fullmakt til å treffe vedtak om førehandsundersøkingar etter oreigningslova § 4. Jernbaneverket støttar elles framlegget i høyringsnotatet.

Asker kommune
Bergen kommune
Oslo kommune
Ski kommune
Trondheim kommune
Hedmark fylkeskommune
Oppland fylkeskommune

Statnett SF kjem inn på noko av det same, og gjev uttrykk for at vedtak om førehandsundersøking bør kunne treffast av det same organet som har kompetanse til å gje ekspropriasjonsløyve i saka. Det blir òg her vist til at Statnett i dag må søkje lensmannen eller politimeisteren om løyve til førehandsundersøkingar etter oreigningslova § 4. Vidare meiner Statnett at vedtak om førehandsundersøkingar bør utgjera eit særskilt tvangsgrunnlag både når det gjeld naudsynte førehandsundersøkingar til å utarbeide konsesjonsøknad og når det gjeld undersøkingar for å planleggje gjennomføring av ekspropriasjonstiltaket. Det er i denne samanhengen vist til at òg problem med å gjennomføre undersøkingar for å planleggje gjennomføring av tiltaket vil kunne medføre vesentlege forseinkingar av viktige prosjekt. Statnett støttar elles framlegget i høyringsnotatet.

Huseiernes Landsforbund

Nokre av desse instansane har kome med ein del merknadar, men dette utgjer i all hovudsak attgjeving av moment frå høyringsnotatet eller omtale av praktiske eksempel frå eiga verksemd. Ingen av dei har kome med nye moment samanlikna med høyringsnotatet. Enkelte har uttala at dei òg støttar dei språklege endringane, medan andre ikkje har omtala desse.

Desse instansane har sagt at dei ikkje har merknadar til framlegget:

Arbeids- og sosialdepartementet
Barne-, likestillings- og inkluderings-
departementet
Forsvarsdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Klima- og miljødepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Nærings- og fiskeridepartementet
Utanriksdepartementet

Statens vegvesen Vegdirektoratet er òg positiv til framlegget i høyringsnotatet. Direktoratet meiner elles det er uklart i kva grad forvaltningslova § 15 kjem inn ved gjennomføring av førehandsundersøkingar. Det er her vist til at det følger av oreigningslova § 4 andre ledd at forvaltningslova § 15 gjeld for gjennomføringa av førehandsundersøkingar etter fyrste ledd. Sidan vedtak etter fyrste ledd om løyve til å gjennomføre førehandsundersøkingar er eit enkeltvedtak som det kan klagast over på vanleg måte, stiller

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
Fylkesmannen i Finnmark
Fylkesmannen i Telemark
Landinfo
Post- og teletilsynet
Regjeringsadvokaten

direktoratet spørsmål om forvaltningslova § 15 gjev eit ekstra høve til klage.

Den norske Advokatforening støttar òg framlegget, og ein avgjerande føresetnad for det er at grunneigarane sine rettar og behov blir varetekne i prosessen. Advokatforeningen tek òg opp behovet for ei klargjering av korleis forvaltningslova § 15 kjem inn i slike saker og korleis samanhengen er mellom høyringsframlegget og § 15 fjerde ledd. Vidare blir det peika på at reglane i tvistelova om mellombels rådgjerd i sivile tvistar kunne ha vore nærare omtala i høyringsnotatet, i samband med spørsmålet om kva eit søksmål mot vedtak om førehandsundersøkingar har å seia for vedtaket sin status som tvangsgrunnlag. Advokatforeningen nemner òg at enkelte undersøkingar, til dømes arkeologiske, kan medføre relativt store tap for ein grunneigar, og at det kan ta tid før spørsmålet om erstatning for slike tap blir avgjort ved skjøn. Difor meiner Advokatforeningen at det bør vurderast å gje grunneigaren heimel til å krevja forskot etter mal av oreigningslova § 25 tredje ledd. Endeleg meiner Advokatforeningen at det bør vurderast å krevja at eit vedtak om førehandsundersøkingar må gjennomførast innanfor ein viss frist.

Norges Bondelag gjev uttrykk for noko skepsis til høyringsframlegget. Det blir her peika på at førehandsundersøkingar i ein del tilfelle vil medføre fjerning eller øydelegging av plantekulturar, og at til dømes grøftesystem og jordstruktur kan bli forringa eller øydelagde. Bondelaget held vidare fram at høve til tvangsgjennomføring av førehandsundersøkingar vil medføre at grunneigar eller rettshavar mistar høvet til å stille vilkår som kan vareta interessene deira, og meiner det er ein risiko for at ekspropriantar vil utnytte slike posisjonar. På bakgrunn av dette meiner laget at det bør vera eit vilkår for tvangsgjennomføring at tiltakshavar har sikra dei prova som er naudsynte for at grunneigar eller rettshavar kan vareta interessene sine i saka. Dersom det ikkje skjer sikring av prov, bør tiltakshavar bera risikoen. Vidare peikar Norges Bondelag på at det ikkje er sagt noko om behov for overgangsreglar i høyringsnotatet, og dei legg difor til grunn at høvet til tvangsgjennomføring berre vil gjelde for vedtak som blir gjorde etter at lovendinga tek til å gjelde.

3 Vurderingane til departementet

Justis- og beredskapsdepartementet har notert seg at nesten alle som har kommentert framlegget til endringar, støttar høyringsframlegget. Høyringa har elles stadfesta at dette er ei aktuell pro-

blemstilling på mange ulike felt innanfor både statleg og kommunal sektor, og det er no gjort endå klarare for departementet at det er naudsynt med ei endring av oreigningslova § 4. Departementet held difor fast ved framlegget som var på høyring, og i all hovudsak baserer departementet seg her på dei vurderingane som låg til grunn i høyringsnotatet, og som er omtala under punkt 2.2 ovanfor.

Departementet er samd med Advokatforeningen og Vegdirektoratet i at det er behov for ei avklaring når det gjeld forvaltningslova § 15 og korleis denne gjeld i samband med undersøkingar, men så langt departementet kan sjå, er desse spørsmåla avklara i Ot.prp. nr. 27 (1968–69) side 102. Det går fram her at ein den gongen fann grunn til at forvaltningslova § 15 skulle gjelde ved førehandsundersøkingar etter oreigningslova, og at reglar om plikt til å legitimere seg, om den nærare framgangsmåten osv. ved slike undersøkingar skal følgje av forvaltningslova § 15. Vidare går det fram at sjølve vedtaket om løyve til å gjennomføre undersøkinga, eller om å nekte løyve, kan påklagast til departementet etter vanlege reglar, medan klageretten etter § 15 fjerde ledd gjeld spørsmålet om undersøkinga er lovleg. Desse to klagerettane kan ein ha ved sidan av kvarandre.

På bakgrunn av endringane i § 15 i 1977, omfattar klageretten etter § 15 fjerde ledd truleg noko meir i dag, men denne klageretten er like fullt knytt til sjølve gjennomføringa av tiltaket. Departementet ser difor ingen grunn til å gjera endringar i dette. Klage etter forvaltningslova § 15 fjerde ledd vil typisk gjelde spørsmål om undersøkinga blir gjennomført på rett måte, om ho blir gjennomført på lovleg tidspunkt og liknande. Sidan dette handlar om til dels inngripande tiltak, som no skal kunne tvangsgjennomførast, er det all grunn til å oppretthalde dette klagehøvet. Klagefristen etter forvaltningslova § 15 fjerde ledd andre punktum er dessutan kort, og departementet legg til grunn at slike klagesaker vil kunne avgjerast ganske så snøgt. Såleis vil det i all hovudsak vera tale om ei heilt kort utsetjing av førehandsundersøkingane. Departementet har heller ikkje fått noka melding om at denne klageretten har skapt særlege vanskar i praksis. Utgangspunktet blir såleis at det ikkje kan skje noka tvangsgjennomføring før ei eventuell klage etter forvaltningslova § 15 fjerde ledd er avgjort, men føresegna i § 15 fjerde ledd tredje punktum opnar for å gjennomføre undersøkinga før klagesaka er avgjort, dersom ein finn dette «påtrengende nødvendig».

Vidare finn departementet grunn til å presisere at reglane i tvistelova om mellombels råd-

gjerd og mellombels sikring elles skal gjelde på vanleg måte i slike saker. Truleg vil dei spørsmåla som kan liggje til grunn for slike krav, i stor grad bli avklara i samband med at det blir teke stilling til krav om tvangsgjennomføring, men grunneigarar og retthavarar vil kunne krevje mellombels rådgjerd på vanleg måte.

Når det gjeld innspelet frå Advokatforeningen om at det bør vurderast å krevja at eit vedtak om førehandsundersøkingar må gjennomførast innanfor ein viss frist, viser departementet til at det alt følgjer av oreigningslova § 4 fyrste ledd fjerde punktum at det skal følgje av løyvet til å gjera førehandsundersøkingar kva tid undersøkingane kan gjerast. Dette skapar klare rammer for begge parter, og departementet kan ikkje sjå behov for noka ytterlegare regulering av når vedtaket må gjennomførast.

Departementet har notert seg synspunktet om at det bør vurderast å gje grunneigaren heimel til å krevja forskot på erstatning for tap som oppstår i samband med gjennomføring av førehandsundersøkingar, men finn det ikkje aktuelt å gå nærare inn på dette no. Ei slik ordning kan eventuelt vurderast nærare på eit seinare tidspunkt, dersom det viser seg at dette er eller blir eit problem i praksis.

Når det gjeld innspelet frå Norges Bondelag om at det skal vera eit vilkår for tvangsgjennomføring at tiltakshavar har sikra dei prova som er naudsynte for at grunneigar eller rettshavar kan vareta interessene sine i saka, finn departementet det lite aktuelt å ta dette inn som eit lovfesta vilkår for tvangsgjennomføring. Det vil for det fyrste vera høgst uklart, og svært avhengig av den konkrete situasjonen, kva som ville vera tilstrekkeleg sikring av prov i slike saker. Eit slikt vilkår ville såleis skape ein usikker situasjon, medan føremålet med lovendringa her er å gjera prosessen enklare og meir føreseieleg. Vidare handlar dette om eventuell tvangsgjennomføring av endelege vedtak om løyve til gjennomføring av førehandsundersøkingar, og innvendingar mot prosessen i saka vil såleis kunne takast opp i ei klagesak på vanleg måte. Departementet viser i denne samanhengen òg til at det vil liggje føre klagerett etter forvaltningslova § 15 fjerde ledd når det gjeld sjølve gjennomføringa av førehandsundersøkingane. Endeleg vil det på vanleg måte kunne setjast fram innvendingar mot tvangsgrunnlaget i samband med at det blir fremja krav om tvangsgjennomføring, jf. tvangsfullføringslova § 4-2 tredje ledd. Dei momenta som blir framheva av Norges Bondelag, kan etter departementet si vurdering såleis vareta-kast innanfor dei gjeldande ordningane.

Spørsmåla som blir teke opp av Jernbaneverket og Statnett, gjeld ikkje tilhøve som blir handsama i denne saka. Oreigningslova § 4 gjev ikkje heimel for å krevja gjennomført nærare undersøkingar som berre skjer til bruk i arbeidet med planlegging av det konkrete tiltaket det blir ekspropriert til, jf. ovanfor under punkt 2.1. Departementet finn det difor ikkje aktuelt å gå nærare inn på dette her. Når det gjeld behovet for delegering av mynde til å treffe vedtak om løyve til førehandsundersøkingar, bør dette fyrst og fremst takast opp med det overordna eller ansvarlege departementet, og det bør avklarast om dette behovet gjeld fleire organ.

Departementet finn endeleg grunn til å presisere at det etter framlegget berre er vedtak som blir gjorde etter at lovendringa tek til å gjelde, som skal utgjera særlege tvangsgrunnlag. Dette kan handle om til dels inngripande tiltak, og departementet ser det ikkje som aktuelt at eit vedtak som alt ligg føre, brått skal utgjera eit særleg tvangsgrunnlag i tillegg.

Dersom det derimot handlar om ei sak som enno ikkje er avgjort når lovendringa tek til å gjelde, vil det komande endelege vedtaket om løyve utgjera eit særleg tvangsgrunnlag. Det vil i slike tilfelle vera føreseieleg for partane at vedtaket får slike verknadar. Dette må òg gjelde dersom saka er under klagehandsaming på det tidspunktet lova tek til å gjelde. I slike tilfelle ligg det ikkje føre noko endeleg vedtak om løyve til førehandsundersøkingar, og eit eventuelt vedtak om løyve i klagesaka vil då få dei rettsverknadane som på vedtakstidspunktet ligg til slike vedtak.

På denne bakgrunnen opprettheld departementet framlegget om endringar i oreigningslova slik det vart lagt fram i høyringsnotatet, og framlegget går framleis ut på at endringslova skal ta til å gjelde straks. Departementet foreslår å presisere i ei overgangsføresegn at berre vedtak som blir gjorde etter at endringslova tek til å gjelde, skal utgjera eit særleg tvangsgrunnlag. Dette gjeld uavhengig av om vedtaket blir gjort av ein fyrsteinstans eller ein klageinstans.

I tillegg gjer departementet framlegg om nokre ytterlegare språklege endringar i oreigningslova §§ 4 og 19. Dette handlar om å endre ordet «leden» til «ledd» i § 4 andre og tredje ledd og i § 19 fyrste ledd fyrste punktum, slik at det blir samsvar mellom alle delane av dei to paragrafane når det gjeld bruken av ordet, og å endre ordet «etterrøkjaren» i § 19 andre ledd til «den ansvarlege for gjennomføringa av førehandsundersøkingane». Ingen av desse språklege endringane medfører realitetsendringar.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Justis- og beredskapsdepartementet legg til grunn at lovforslaget vil ha positive økonomiske og administrative konsekvensar. Ein vil ikkje ha behov for å gjennomføre rettssaker eller vidtgåande forhandlingar for å få gjennomført naudsynte førehandsundersøkingar, og såleis vil ein langt enklare få avklara om det skal setjast i verk ekspropriasjonstiltak. Det blir vidare lettare å få oversikt over kva slags område som eignar seg for ulike slags tiltak, og slik kan ein planleggje arealbruk og annan ressursbruk på ein betre måte.

Kostnadane til gjennomføring av sjølv undersøkingane vil samla sett neppe auke som følgje av utkastet, sidan slike undersøkingar må gjennomførast i alle tilfelle. På kort sikt kan det derimot tenkjast å oppstå nokre auka kostnadar, sidan fleire undersøkingstiltak kan gjennomførast på kortare tid. Desse eventuelle kostnadane vil bli dekte innanfor gjeldande rammer.

5 Nærare merknadar til lovforslaget

Til § 4

I oreigningslova § 4 blir det etter forslaget lagt til eit nytt fjerde ledd, der det blir fastsett at eit endelig vedtak om å gje løyve til undersøkingar som nemnt i fyrste ledd, er særleg tvangsgrunnlag etter tvangsfullføringslova kapittel 13. Dette inneber at eit vedtak om å gje slikt løyve frå det organet som etter fyrste ledd tredje punktum har kompetanse til det, vil utgjera eit særleg tvangsgrunnlag, dersom det ikkje blir klaga over vedtaket innanfor klagefristen. Dersom det blir fremja klage over eit vedtak om løyve til å gjennomføre førehandsundersøkingar, vil det liggje føre særleg tvangsgrunnlag fyrst dersom klageinstansen opprettheld vedtaket om å gje løyve. Føresegna opnar ikkje for å gjennomføre eit slikt vedtak med tvang før klagefristen er ute eller klagehandsaminga er avslutta. Dersom ein søknad om løyve til å gjennomføre førehandsundersøkingar blir avslått i fyrste instans, vil eit eventuelt løyve etter vedtak i ei klagesak gje

grunnlag for tvangsgjennomføring. I tillegg til dette må ei eventuell klage etter forvaltningslova § 15 fjerde ledd over sjølv gjennomføringa av undersøkingane vera avgjort før det kan setjast i verk tvangsgjennomføring, med dei avgrensingane som følgjer av § 15 fjerde ledd sjølv når det gjeld høvet til gjennomføring før ei klage er avgjort.

Ei eventuell tvangsgjennomføring av slike vedtak vil skje etter reglane i tvangsfullføringslova kapittel 13.

Vidare blir ordet «etterrøking» etter forslaget erstatta av «førehandsundersøkingar» i § 4 fyrste ledd fyrste punktum, fyrste ledd andre punktum, fyrste ledd tredje punktum, andre ledd og tredje ledd. Varianten «etterrøkinga» blir i § 4 fyrste ledd fjerde punktum erstatta av «førehandsundersøkingane». I § 4 andre og tredje ledd blir ordet «leden» endra til «ledd». Desse endringane er reint språklege og medfører ingen realitetsendringar. I § 4 tredje ledd blir vidare ordet «skadelidaren» etter forslaget erstatta med ordet «skadelidde», og «jfr.» blir retta til «jf.». Endringane medfører ikkje nokon realitetsendringar.

Til § 19

Øg i oreigningslova § 19 blir det etter forslaget gjort nokre språklege endringar. I § 19 fyrste ledd fyrste punktum blir ordet «etterrøking» erstatta av «førehandsundersøkingar» og ordet «leden» erstatta av «ledd», og i § 19 andre ledd fyrste punktum blir ordet «etterrøkjaren» endra til «den ansvarlege for gjennomføringa av førehandsundersøkingane». Heller ikkje her medfører endringane nokon realitetsendringar.

Til iverksetjingsføresegna og overgangsføresegna

Endringslova skal ta til å gjelde straks, utan nokon overgangsperiode. Berre vedtak som blir gjorde etter at lova tek til å gjelde, skal utgjera særlege tvangsgrunnlag etter tvangsfullbyrdelsesloven kapittel 13, men dette vil gjelde uavhengig av om vedtaket blir gjort av ein fyrsteinstans eller ein klageinstans. Det avgjerande tidspunktet er såleis når vedtaket skjer, ikkje når saka blir innleia, klagefristen tek til å gå eller liknande.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i oreigningslova.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjera vedtak til lov om endringar i oreigningslova i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i oreigningslova

I

I lov 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast eigedom blir det gjort følgjande endringar:

§ 4 skal lyde:

Eigar til og rettshavar i slik eigedom som er nemnd i § 1, lyt tola at det på eigedomen vert gjort mæling, utstikking og *andre førehandsundersøkingar* til bruk for eit påtenkt oreigningsinngrep. Ingen må gå i gang med *slike førehandsundersøkingar* før eigar eller brukar er varsla. Løyve til å gjera *førehandsundersøkingar* vert gjeve av den styremakt Kongen fastset. I løyvet skal det stå kva tid *førehandsundersøkingane* kan gjerast.

Om gjennomføringa av *førehandsundersøkingar* etter fyrste ledd gjeld § 15 i forvaltningslova.

Lid eigar eller rettshavar tap av di *førehandsundersøkingar* som nemnd i fyrste ledd gjer skade eller valdar ulempe, har *skadelidde* rett til skadebot, *jf.* § 19.

Eit endeleg vedtak som gjev løyve til å gjera førehandsundersøkingar etter fyrste ledd, er eit særleg

tvangsgrunnlag etter tvangsfullbyrdelsesloven kapittel 13.

§ 19 fyrste ledd fyrste punktum skal lyde: Skadebot for skade eller ulempe som er valda *ved førehandsundersøkingar* i samhøve med § 4 *fyrste ledd*, skal det skjønnet fastsetja som fastset vederlag for inngrepet, så fram partane er samde om det.

§ 19 andre ledd fyrste punktum skal lyde: Vert ikkje inngrepet sett i verk, kan skjønnet, så framt eigar eller rettshavar krev det, fastsetja at *den ansvarlege for gjennomføringa av førehandsundersøkingane* skal vøla skaden i staden for å svara skadebot.

II

1. Lova tek til å gjelde straks.
2. Nytt § 4 fjerde ledd får verknad for vedtak om løyve til å gjera *førehandsundersøkingar* etter § 4 fyrste ledd som blir gjorde etter at lova tek til å gjelde.